



# Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 2 — APRIL 1976  
9. ÅRGANG



## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna.

Redaktørar: Ingvar Fykse, Åge Clausen.

Redaksjonsnemnd: Finn Halle Tvedt, Harald Haugsvær, Knut Brakestad.

Forretningsfører: Monrad Ulveseter.

Blådpengar: Kr. 15,—. Utanbygds/lands kr. 20,—.

Postgiro nr. 1. 3104445.

Dagens Trykkeri, Bergen.

## ARNA PRESTEGJELD

### Prestekontoret Indre Arna:

Kontortid: Tysdag, onsdag, fredag kl. 10—11.30.

Torsdag kl. 17.30—19.00. Tlf. 24 04 00.

### Prestekontoret Ytre Arna:

Kontortid: Torsdag kl. 18.00—19.00.

Fredag kl. 10.00—11.30. Tlf. 24 13 25.

### Adresser:

Sokneprest Finn Halle Tvedt, Vollaveien 31, Indre Arna tlf. 24 02 72

Res. kap. Ingvar Fykse, Gamleveien 8, Ytre Arna, tlf. 24 13 25.

Diakonklokkar Åge Clausen, Stølsveien 96D, Indre Arna, tlf. 24 03 42.

Kontortid prestekontoret I. Arna tysdag 18.00—19.00 og torsdag 11.00—12.30.

Klokkar Per Sæle, Skuleveien 10, Ytre Arna, tlf. 24 13 10.

Organist Solveig Tesdal, Stølsveien 25, Indre Arna, tlf. 24 16 06.

Organist Michael Knutsen, Tyriveien 20, Eidsvåg, tlf. 25 63 48.

Kyrkjetenar Monrad Ulveseter, Stølsveien 15, Indre Arna.

Kan treffast i Borgstova, tlf. 24 07 39, tysdag og torsdag 17.00—18.00 og onsdag og fredag 10.00—11.00.

Vik. kyrkjetenar Johs. Litun, Peter Jebsensvei 32, Ytre Arna. Oppsynsmann for kyrkjegardane i Arna, Emil Dalseth, Indre Arna, tlf. 24 05 69, kontortid mandag—fredag 12.00—13.00.

Soknerådsformann i Arna, Ingmar Ljones, Stølsveien 111A, tlf. 24 15 94.

Soknerådsformann Ytre Arna, Ingvar Fykse, Gamleveien 8, Ytre Arna, tlf. 24 13 25.

Kyrkjelydsarbeidarar i Arna, Ingrid Garnes og Angunn Hope, tlf. 24 07 39.

# Han sparde ikkje sin eigen son

*Ein gong såg ein film. Det var om eit ungt, velstående og lukkeleg ektepar. Men plutselig ein dag ramma tragedien dei. Einaste dotter deira som dei var så stolte av, og som dei elska over alt, blei med eitt borte. Dei leita og ropa, men jenta var som sokken i jorda. Om kvelden sat mora i stova og gråt, faren gjekk fortvila att og fram og vreid hendene. Telefonen ringde, ei mørk stemme tala frå den andre enden: Vi har henne. Finn ikkje på noko dumt som å varsle politiet. De har god råd. Vi krev 100.000 dollar, så skal de få henne uskadd tilbake, elles..... Røret blei lagt på.*

*100.000 dollar! Det var mykje, men skrapte dei alt saman kunne dei kanskje greie det.*

*Mor og far diskuterte ikkje eingong. Det var ingen ting å diskutere. Ingen pris var for høg dersom dei berre kunne få jenta si tilbake — uskadd.*

*Det var ei gripande søge om foreldrekjærleik som var villig til å betale alt for å få barnet sitt tilbake.*

*Påskebodskapen er ein beretning om ein enno større kjærleik og eit mykje større offer. Men det er også søga om ein far som gjer alt, ofrar alt for å få barnet sitt tilbake. Guds kjæraste skapning, mennesket, var falle i fiendens hender, var blitt kidnappa av Guds motstandar, Satan. Det skulle ein stor løysesum til for å fri oss ut, kjøpe oss tilbake. Her nytta det ikkje med dollar eller kroner, heller ikkje med gull og sølv, som Luther seier i forklaringa til den 2. trusartikkel. Gud måtte gje det dyraste og kjæraste han hadde: Sin eigen Son. Men sjølv denne kostnad rekna ikkje Gud for høg. — Han sparde ikkje sin eigen Son —, seier Paulus i Rom. 8. Den pris var Gud villig til å betale for at vi, du og eg, ikkje skulle gå fortapt, men ha evig liv. Ja, så høgt elska Gud oss. Mennesket kan ikkje forestille seg kva Gud vil frelse det frå, enno mindre kan det tenkje den kjærleik som ofrar alt på korset.*

*Nei, vi begrip ikkje. Det trengst då heller ikkje. Men vi kan ta i mot denne kjærleiken. Løysesummen din er betalt. Veien tilbake til ditt opphav, til din Gud og Far er open. No har han gjort alt for deg, han kan berre vente på at du vil nytte deg av retten til å gå heim den vegen Jesus har opna for deg med sitt blod. Heime står Far og tar imot. Nei, han spring syndaren i møte og slær armene sine om han, enno medan han er langt borte.*

*Kven kan la vere å bry seg om ein slik kjærleik?*

*Ingvar Fykse*


## Samfunnsmåltid

Nattverden har sitt førebilete i den gamle pakt. Israelsfolket var trelar i Egypt. Gud ville berga dei ut av trelestlandet. Men Faraos streta imot. Då sa Gud til sist: Guds folk i Israel skal halda påske. Påske tyder: Fara forbi. Alle som høyrde til Guds folk fekk påbod frå Gud om å slakta påskelambet. Med ombundne lendar og med stav i hand skulle dei så eta påskemåltidet. Men først måtte dei stryka blodet av påskelambet over dørstolpane og over dørtreet. For Gud ville senda si straff over Egypt av di dei ikkje ville la Guds folk fara ut av landet. Alt førstefødd ville Gud la mordarengelen slå i hjel. Men mordarengelen for forbi alle dei hus der blodet av påskelambet var stroke på dørene slik Gud gav påbod om det. Der sat dei trygge. Slik vart det første påskemåltid i Det Gamle Testamentet eit samfundsmåltid. Det var samfund med huslyd etter huslyd av Guds folk. Og det var samfund med Gud.

Bordsete har alltid i Bibelen vorte nytta som bilete på samfund. Sæle er dei som får sitja til bords med Abraham, Isak og Jakob i Guds rike.

Så sette Jesus inn sitt samfundsmåltid. Det lover Frelsaren å vera til stades. Dette er mitt blod som vert utrent for dykk til forlating for syndene, sa Jesus. Dette er min lekam som vert gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Nattverd er samfund den herleggjorde Frelsaren.


Derfor er der alvor over nattverdsmåltidet. Dei gamle sa det slik: «Uverdige nattverdsgjester er slike som utan sann tru på Jesus og utan vilje til å betra livet sitt går til dette sakrament. Men dei i trua svake, forsakte og bedrøva kristne, som



kjenner ei otte i hjarta for si mangelfelde synd, og kjenner seg uverdige til denne edle skatt og Kristi velgjerningar, desse er dei rette og verdige gjestene. Dei syrgjer over vesaldommen i trua si. Av hjarta bed dei om at dei må kunna tena Gud med ei meir frimodig tru. Dei som har det slik er mellom dei rette nattverdsgjestene. For desse er dette høgheilage sakrament innsett og ordna i stand.» Kristus seier det sjølv slik: «Det er ikkje dei friske som treng lækjar, men dei som har det vondt.»

Så har Jesus ved nattverden samfund med dei som søkjer frelsa for si sjel. Samstundes vert då dette eit samfundsmåltid som bind saman alle som søkjer Jesus. Han som er dei hjelpelause sin hjelpar har ordna det så at alle som søkjer han her får eit styrkemåltid på vegen mot målet. Difor heiter det. Reis opp og et, elles vert vegen deg for lang.

F. H. T.



### Vi stenger mange ute

La oss tilstå det! Tilstå at våre menigheter, eller nærmere presisert, vårt menighetsliv er ekskluderende d.v.s. at grupper eller enkeltpersoner blandt oss, av en eller annen grunn utestenges fra kristne samfund i kirken. Denne utestengelsen kan være av såvel fysisk som sosial karakter. Vi skal i dette nr. av menighetsbladet ta utgangspunkt i de sosiale sidene ved at våre menigheter har enkelte ekskluderende elementer i seg.

Det er en beklagelig realitet at menighetslivet synes å innta den samme likegyldige eller interesseløse holdning overfor de som «ikke er som oss andre». Samfunnet anklages for å fremkalle det anonyme og ensomme mennesket — for siden å gjøre lite eller ingen ting for det.

Noen spørsmål til oss:

Gjør menigheten noe for å forhindre dette — eller har vi samme mekanismen her som i samfunnet?

Hvordan møter menneskene hverandre i den kristne menighet?

Er menighetens aktiviteter/tilbud lagt opp på en slik måte at de fremmer sosial kontakt mellom menneskene?

Har vi ansvar for hverandre — eller preges også det kristne samfund av «en hver har nok med sitt»-tanker?

Det skal stilles mange slike spørsmål for å få klarlagt hvordan fellesskapet er i den kristne forsamling. Svaret vil trolig bli, at vi med

beklageise må innrømme at vår menighet ikke har maktet å gi rom for alle grupper mennesker. Det er ikke særlig nyttig å bebreide seg selv og andre for at vi mer eller mindre bevisst har vært med på å forme en slik menighet. En slik menighet bestående av de veltilpassede, stort sett problemfrie (noen problemer har vi vel alle?), ressursrike (evner, penger,) på alle områder, — er det vi møter i dag.

At dette problemet er tilstede og at det ønskes løst, kommer til uttrykk i Diakonirådets årsmelding for 1974:

«Et kontaktskapende og inkluderende (sammenbindende) arbeid i lokalmenigheten bør i årene som kommer bli diakoniens hovedanliggende».

Vi må etter hvert få frem at en sann Kristi menighet skal være åpen for *alle* — fysisk/psykisk funksjonshemmede, psykisk utviklingshemmede, den ensomme mor og hennes barn, den skilte/separerte ektefelle, alkoholikeren, narkomane, barn og unge med adferdsvansker og eldre. Menigheten blir ikke gjort om til «behandlingsanstalter» om vi på en varm og åpenhjertig måte tar imot dem/innber dem til et kristent fellesskap, skulle da gi trygghet for de utrygge, samvær for den ensomme . . . Vi må i alle fall ha lov til å forvente at vi som kristne ikke stille oss som den dømmende, nedvurderende, kritiske — det øker bare den problemfylte problemer.

Hva skal vi så gjøre for å makte dette? — for å oppfylle Guds bud om at vi skal elske hverandre? Vi har vært inne på samværsformene, men tar vi utgangspunkt i forkynnelsen kan nok mye gjøres her. Det påligger forkynneren et stort ansvar å peke på fellesskapet og kjærlig-

heten mellom mennesker som et aktivum i det kristne liv.

Med utgangspunkt i nattverdmatid, og fellesskapet omkring dette, — skal det vokse fram en omsorg for medmennesket hos den enkelte troende. Denne omsorg må ha som endelig mål å inkludere medmennesket i det kristne fellesskapet — og det selv om medmennesket hører til en av de «minus»-grupper som er nevnt tidligere.

Det er en menneskerett og ikke minst en kristen menneskerett å oppleve og fungere i et fellesskap. Den enkelte — uansett sosial funksjon har bruk for menigheten og menigheten har bruk for den enkelte.

Så kan vi arbeide for å få arbeidet fram forskjellige samværsformer i menigheten. Her er det bare å bruke fantasien! Hovedsaken er at en inkluderende holdning får dominere og så får vi sammen prøve og feile — for å komme så nært målet som mulig — den åpne/inkluderende menighet.

A. C.

## Matteuspasjonen i Arna kyrkje

Skjærtorsdag kl. 21.00 blir deler av Matteuspasjonen av Johan Sebastian Bach framført i Arna kyrkje under leiing av domorganist Magnar Mangersnes. Medverkande bl.a. Bergen domkantori og Ragnar Grøm.

Vel Møtt!



Samemisjonen har møter i Betania, Lohne skjærtorsdag, langfredag, 1. og 2. påskedag. Alle møtar tek til kl. 20.00.

## Treffen — ungdomsklubben vår

Treffen er en del av et hele, et helhetlig, kristent, ungdomsarbeid i Arna menighet. Sett isolert vil ikke Treffen imponere noen. Vi er ikke så mange, fra 20 til 40, og vi kommer bare sammen hver fjortende dag. En bagatell i Guds rike? Kanskje det, men vi tror Treffen fyller en viktig funksjon i ungdomsarbeidet.

Tanken er at det skal være en klubb, et sted å komme sammen, ha det moro, kanskje spille litt kurong eller bare prate, ha litt moro-program og så litt kristent program.

Blir ikke dette litt mye blanding? Det ser ikke slik ut. Det er naturlig å ha det moro i en kristen ånd, en føler fellesskap og trygghet, og det er ikke så vanskelig å bli stille for Gud. Til det kristne programmet pleier vi ha

med en «utenfra», presten eller en annen forkynner (moroa greier vi sjøl). Vi tar opp bibelske ting (som trosartiklene) eller samfunnsspørsmål (som vårt forhold til de funksjonshemmede).

Parallelt med Treffen går bibelgrupper der de unge kan studere Bibelen under veiledning. (Ten-Sing og Ungdommens diakonitjeneste er andre tiltak — som ble omtalt i forrige nummer). Men for en som ikke har vært med før, er det kanskje ikke så lett å gå rett inn i ei bibelgruppe. I Treffen derimot, skal det være lett å komme, oppleve et kristent miljø — og så blir det opp til den enkelte om han/hun vil bli i miljøet og jobbe videre.

Og mange blir!

Hans Einar Hem.

## Kakelotteri for «Treffen» 1976

I tida 10.—13. mars avvikla «Treffen» sitt kake-lotteri.

Trekninga gjekk føre seg laurdag 13. mars om ettermiddagen, og kakene vart like etterpå levert på huset til dei heldige vinnarane. I alt var det 34 kaker.

Vi fekk inn 2294 kr. på lotteriet. Kakene var gaver frå ungdommar og foreldre som støtter arbeidet i «Treffen».

Dei innkomne midlane skal nytast til beste for dei ten-åringane i «Treffen» og «Ten-Sing» som reiser til det store TT i Skien til sommaren.

Så takkar vi alle glade kake-

givarar, flittige loddseljarar og ikke minst alle som var villige til å kjøpa lodd når det var spørsmål om det.

Indre Arna 15/3-76.

For styret i «Treffen»

Bj. Fjelltveit.

## Innviing av Arna kyrkjelyd sin dagheim

Arna kyrkjelyd sin dagheim har nå vore i drift ca. 3 år, men av ymse grunnar er den ikkje innvigd endå. Innviingshøgtida er fastsett til søndag 25. april.

25. april.

---

# Kunngjering

---

I førre nummer av bladet vart Ungdommens diakoniteneste i Arna presentert – og me takkar for den positive reaksjonen som har kome.

Men enno trur me at det finst mange rundt i kyrkjelyden som ikkje gjer nytte av dette tilbudet. Som før nemnt kan me gjera litt av kvart . . . Hagearbeid, husavask, loftstrydding, gå ærend, vedhogging, handle . . . og det som kan vera aktuelt for dykk (vel å merka dersom me klarar det). Me er omlag 20 ungdommar, gutar og jenter, i alderen 14–20 år.

---

● Det vert Høgmesse i Arna Kyrkja kl. 11. Like etter Høgmessa vert det innviingshøgtid i dagheimen. I samband med innviinga inviterer Arna sokneråd til Kyrkjekaffi i Bedehuset, der alle er hjarteleg velkomne. Dagheimen er kyrkjelyden sitt ansvar, og vi vonar mange vil slutta opp om denne høgtida.

---

## Philadelphiarapport frå utfaren Arnabuar

Med dette vil vi igjen få nytta høvet til å få senda kjende og ukjende vener ei lita helsing på denne måten gjennom Kyrkjelydsbladet. Samstundes vil eg prøva å gje eit lite oversyn over korleis ein kvardag kan arta seg for ein assistent i Sjømannsmisjonen i ein travel hamneby på austkysten av USA. Vi er fire tilsette her, prest, assistent, husmor og vaktmeister.

– Og dette tilbudet gjeld ikkje berre for «direkte» Indre Arnabuarar, men også for dykk innover stranda til Trengereid og oppover til Espeland, Lone, Rolland. Og det gjeld for *alle* kva alder, helse og sosial status vedkjem. Tilbodet er gratis.

Ta kontakt med diakonklokkaren eller den diakonale eitt-åringen gjennom tlf. nr. 24 04 00 eller beinveges. Freist – det verste du vert mottatt med, er opptatt-signalet!.

I. G.

---

Her er ope på leseromet frå kl. 1030 til ca. kl. 2300 eller så lenge som her er sjøfolk. Vi har ordna vaktene oss imellom, men dei som tar til om morgonane, opnar alltid dagen med å lesa frå Guds ord og be saman. Dette er til styrke og hjelp i kvardagen. Som det vart nemnd sist, er dette uhyre viktig for oss som møter verda kvar dag på så ulike måtar. Så er det å finna ut kor mange båtar som skal vitjast, kva for nokre ærend som skal utførast og kva som elles må gjerast. Det er assistenten sin hovudoppgåve å ta seg av hamna, så det er berre å pakka avisveska og passa på at alt er med som skal ombord. Vi nyttar høvet til å dela ut det vi har av kristen litteratur og tar også med biblar som vi legg i oppholdsromma. Vi har lært oss til å sjå stort på dette med spreiding av kristen litteratur og brosjyrar. Det er alltid like spanande å komma ombord i ein båt

for første gong.

Dette med å gå rundt på båtane er det mest fascinerande med denne jobben. Her møter ein menneske som kanskje ikkje har vore i land på veker, som set uendeleg pris på at der er nokre som bryr seg med å koma ombord for å helsa på dei og slå av ein prat. Så er det dette med avisene. Det høyrest kanhenda rart ut at dette tel så mykje, men slik er det. Etter at ein har fått prata med dei fleste, roar det heile seg ned, og vi kjem inn på praktiske spørsmål: Framkalling av film, er butikkane åpne om kveldane, kor mykje kostar det å ringe heim osv. osv. Så blir det avtala henting om kvelden med kirkebussen, og så er det spanande å sjå kor mange som blir med om kvelden – kor mange av dei igjen som kjem opp på leserommet, og av dei igjen som slær seg til ro. Då får vi først nå dei med Ordet – det som er «det eine nødvendige». Dette er det vi eigentleg er her for – det var den djupaste meininga med Sjømannsmisjonen. Men det er ofte som heime, «kor ofte eg ville samla borna dine, nett som ei høne samlar kjuklingane sine under vengene sine! Men de ville ikkje!» I same andedrag må eg og få seia at vi har mange og ofte fine kveldar med mange sjøfolk som får høyre Guds Ord. Så er det vi som skal så, men haustens Herre skal syte for voksteren.

---

Akademilektor Leif M. Michelsen:

## Korsfestet, død og begravet

Der ble reist mange kors i Jødeland på Jesu tid. Det er bare ett av dem som er korset. Det døde to menn sammen med Ham på Golga-

Og på denne måten går dagane, men det er sjeldan at dagane er like. Det er like spanande kvar morgon og gå og hente skipslista og sjå kor travelt det blir. Innimellom skal vi så skrive rapportar og få anna skrivearbeid unna. Alle ærend for sjøfolka må og også takast innimellom, og det kan vera alt mogleg. Vi er her for å stå til teneste. Vi ser stort på dette og. Tenesta skal avspegla at vi er i ein høgare si teneste. Vi skal ha omsut for det heile menneske. Difor arrangerar vi og sightseeingturar og idrottsarrangement m.m.

1975 var året då vi minnst den norske utvandringa til Amerika, og 150-årsfeiringa sette sitt preg på mykje her borte. I år er det 200-årsfeiringa for sjølstendet til USA. Her i Philadelphia er vi midt oppe i dei fleste av dei viktigaste historiske minnesmerka. Her borte vert 1976 kalla The Bicentennial Year.

Ved å ta seg ein spasertur rundt i kvartala i nærleiken av kyrkja, når ein det meste på nokre timar. Vi gruar oss ikkje så lite til den svære turist-trafikken som er venta her til Philadelphia i år. Om her er vanskar med parkeringa no, så vert det ikkje betre til våren og sumaren. Så får det vera med det for denne gongen. Vi vil gjerne få helsa dykk alle frå heile familien og få sagt at vi har det godt på alle måtar.

ta. Men det er det kors som ble reist i midten som gir frelse og nytt håp.

Grunnen til at dette krosset er

**Forts. side 11.**


# Barnas Side

Vi tar hverandres hender og setter oss i ring. Vi er en masse søsken, oss skiller ingenting.

Før Gud er Far til alle, og jorden er vårt sted. Og alle verdens mennesker de er vi venner med.

Takk gode Gud for jorden, og menneskene der.

Gjør en familie av oss den stund vi lever her.



TIL

ALLE MELLOM 0-10 ÅR!

HAR DU LYST Å VÆRE MED I EN TEGNEKONKURRANSE? NESTE NR. AV BLADET KOMMER I MAI MÅNED. OG DA HAR VI LYST Å HA NOEN TEGNINGER AV 17. MAI TOGET!

DE TEGNINGENE VI LIKER BEST, KOMMER I BLADET. FRIST FOR INNLEVERING - 26. APRIL. SEND TIL ARNA PRESTEKONTOR ' 5160 INDRE ARNA.

Forts. fra side 9.

anderledes enn alle andre, er at han som hang på det og døde der, var anderledes. Han kom fra Gud, og han var Stedfortrederen.

Dermed har vi ikke nevnt alt om ham, og slett ikke klarlagt korsets mysterium. Men vi har sagt det vesentligste, det som Guds ord særlig viser til når det gjelder Jesu død: Han døde for oss.

Vi kunne nevnt et omfattende skriftmateriale her. «En er død for alle», sier Paulus. 2. Kor. 5,15. «Kristus led en gang for synder, en rettferdig for urettferdige», sier Peter, 1. Pet. 3,18. «Han led døden forat han ved Guds nåde skulle smake døden for alle», sier Hebreerbrevets forfatter, Hebr. 2,9.

Dette stadig tilbakevendende «for alle» kan oppfattes forskjellig. Det kunne bety «til beste for alle» eller «for alles skyld». Men tekstsammenhengen viser at det rommer tanken om en stedfortreder: For alle betyr istedet for alle. Det framgår av det faktum at hans død, redder meg. Han gikk i mitt sted.

Stedfortredertanken innebærer først at han tok min synd og skyld på

seg, og «bar våre synder på sitt legeme opp på treet» 1. Pet. 3,24. Fordi han slik bar våre synder, fikk han og straffen. Han ble «gjort til synd» for oss, dvs. behandlet som synder av den hellige og rettferdige Gud og straffet med døden. Jesu stedfortredende lidelse for oss er stedfortredende straff-lidelse. Den byrde han bar, var ikke hans, men min. Det slaget som traff ham, skulle egentlig være rettet mot oss.

Det er viktig å få fram, at vi her ikke har med en kjempemessig feiltagelse å gjøre, der den uskyldige kommer til å bære straffen for den skyldige. Vi har med Guds frelsesplan å gjøre: Gud lot våre misgjerninger ramme ham. «Jeg vil slå hyrden», heter det i Jesu lidelseshistorie, Mt. 26,31. Det er Guds valg og vei. Han gir sin Sønn i vårt sted. Resultatet av denne stedfortredende gjerning er at vi, de skyldige, går fri. Ved at vår synd slik «tilregnes» Jesus og straffen slik rammer ham, kan syndenes forlatelse «tilregnes» meg, på grunnlag av hans stedfortredende verk.

Det har kostet Jesus alt, derfor skal det intet koste meg.

## Blomar til alle høve!

Utplantingsplanter i rikt utval.

**TRYGVE GARNES,**

Gartneri — Telefon 24 04 01 — Garnes.  
Utsal: Espeland — Tlf. 24 17 27.

# Familieside



## ARNA SOKN

### DØYPTE:

- 1/2: Trond Thunes, Espen Sæbø, Atle Endresen.  
15/2: Vidar Spord.  
18/2: Cecilie Guttormsen.  
21/2: Stein Ove Olsen, Jørn Frode Mjelde, Roy Kenneth Andersen, Endre Trovik, Elin Liland.  
29/2: Roger Eirik Heimdal.  
13/3: Irene Nese, Esben Aasheim, Truls Indrearna, Krister Åge Østrem.  
20/3: Ketil Joar Lodtz.

### VIGDE:

- 21/2: Einar Hauge og Astrid Laura Toskedal.  
6/3: Karsten Ursin og Liv Sissel Myklebust.  
13/3: Magne Hovland og Else Marit Nygård,  
13/3: Asbjørn Fotland og Kjellaug Eli Kristiansen.

### AVLIDNE:

- 26/1: Leon Steffen Mjelde.  
29/1: Johannes Nikolai Gjerde.  
4/2: Gjertrud Romslo.  
15/2: Olav Aleksander Mæhle.

## YTRE ARNA SOKN

### DØYPTE:

- 15/2: Jan Ingvald Hauge (Arna).  
21/2: Alex Vågenes (Arna).  
22/2: Hege Kristin Kalsås.  
14/3: Nina Røssland.

### VIGDE:

- 28/2: Thor Kalland og Inger Teimann.  
20/3: Anders Birkeland og Benthe Vevle.

### AVLIDNE:

- 10/2: Hanna Reigstad, f. 1897.  
13/2: Johannes J. Fotland, f. 1908.  
15/2: Anna Strøm, f. 1891.  
15/2: Agnar Fotland, f. 1926.  
15/2: Kristine Bakken, f. 1894.  
20/2: Bernt Hannisdal, f. 1912.  
5/3: Agnes Theodora Leknesund, f. 1907.  
10/3: Ole J. Vevle, f. 1892.

**I MIN FORRETNING**  
finn De gaver til bryllup, konfirmasjon  
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 240496

« **F O K U S** »

**Espeland**

Lone Handel A/S

Hele bygdas lavprisbutikk.

Manuell kjøttvareavdeling  
med nye knalltilbud hver uke.  
(Middagspølse i metervis.)

På sykkel, bil eller buss, ikke stuss, legg turen  
direkte til «Fokus».

**OBS. Torsdag åpent til kl. 19.00.**



## Vår nye mann i Arna — OLAV A. HOVDEN —

har flere års erfaring i forsikring  
fra våre selskap.

Han er kjent i Arna, bl. a. gjennom tidligere jobb ved Arna  
Bruk A/S.

De kan trygt la Hovden bistå Dem når det gjelder både skade  
— og personforsikring ..

## Storebrand-Idun

Forsikringshjørnet — Rådstuplass 2/3.  
5000 Bergen.  
Telf. 31 16 20 — Privat 28 08 11.

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning  
Hugs at vi har laveste pris,  
og det De kjøper her kan De få reparert her.

## ARNA VARESALG A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88  
Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger

**EL-KJØP**

## La oss snakke forsikring sammen!

Du vet hva du trenger av trygghet.  
Vi kan si deg hvorledes du best kan få det.  
Velkommen til en hyggelig prat  
omkring dine personlige forsikringsproblemer.

**INSPEKTØR GUNNAR JACOBSEN**

FORSIKRINGSAKTIESELSKAPET  LIVSFORSIKRINGSSSELSKAPET  
**VESTA HYGEA**

Herredshuset, Indre Arna — Telefon 24 07 00

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4. tlf. 23 20 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11. tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

## VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk,  
der alle kundar, store som små,  
er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN, avd. Arna

## ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss  
De også. Vi gir god service.

## KVERSØY BILFORRETNING

ESPELAND  
Telefon 24 00 17 — 24 08 45



# Velkommen til kyrkje

## PREIKELISTE FOR ARNA

- 15/4, Skjærtorsdag: Trengereid: Sokneprest Halle Tvedt. Nattverd.  
Arna: Kl. 21.00 framføring av Matteuspassjonen av Bach.
- 16/4, Langfredag: Arna: Res. kap. Fykse. Nattverd.  
Ytre Arna: Sokneprest Halle Tvedt. Nattverd.
- 18/4, 1. påskedag: Arna: Høgtidsgudsteneste ved sokneprest Halle Tvedt. Offer.  
Ytre Arna: Høgtidsgudsteneste ved res. kap. Fykse. Offer til Den Norske Sjømannsmisjon.  
Trengereid: Kl. 18.00 res. kap. Fykse.
- 25/4: Arna: Sokneprest Halle Tvedt. Etter gudstenesta innviing av Arna kyrkjelyd sin dagheim.  
Ytre Arna: Kl. 19.00 res. kap. Fykse. Samtale med konfirmantane.  
Trengereid: Res. kap. Fykse. Samtale med konfirmantane.
- 27/4: Arna: Kl. 19.00 sokneprest Halle Tvedt og kateket Haugsvær. Samtale med konfirmantar.
- 28/4: Arna: Kl. 19.00 sokneprest Halle Tvedt og kateket Haugsvær. Samtale med konfirmantar.
- 1/5: Ytre Arna: Res. kap. Fykse. Offer til Kristne arbeideres forb.
- 2/5: Arna: Konfirmasjon v/sokneprest Halle Tvedt for konfirmantar frå Trengereid—Garnes. Offer til soknerådet.  
Ytre Arna: Konfirmasjon v/res. kap. Fykse. Offer til soknerådet.
- 9/5: Arna: Kl. 10.00 konfirmasjon v/sokneprest Halle Tvedt for konfirmantar frå Indre Arna—Arnatveit. Offer til soknerådet.  
Kl. 12.15 konfirmasjon v/res. kap. Fykse for konfirmantar frå Lone og Unneland skulekrinsar. Offer til soknerådet.
- 16/5: Arna: Res. kap. Fykse. Nattverd.  
Ytre Arna: Sokneprest Halle Tvedt. Nattverd.
- 17/5: Arna: Familiegudsteneste ved sokneprest Halle Tvedt.  
Ytre Arna: Kl. 10.00 familiegudsteneste ved res. kap. Fykse.
- 23/5: Arna: Sokneprest Halle Tvedt.
- 27/5: Arna: Res. kap. Fykse.  
Ytre Arna: Sokneprest Halle Tvedt. Offer til Det Hvite Bånd.
- 30/5: Arna: Sokneprest Halle Tvedt. Kl. 20.00 Kyrkjekonsert.  
Ytre Arna: Res. kap. Fykse.